

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 05.12.2018

FRÅ Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen, økonomidirektør Ola Rye,
HR- og organisasjonsdirektør Berit Berntsen

SAKA GJELD: Årleg melding 2018 Sjukehusapoteka Vest HF

STYRESAK: 041/18

STYREMØTE: 12.12.2018

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek Årleg melding Sjukehusapoteka Vest HF 2018 som SAV sin rapport til Helse Vest på oppdragsdokument 2018.

Innleiing

I medhald av § 34 i helseføretakslova skal Helse Vest RHF rapportere til Helse- og omsorgsdepartementet via årleg melding. I Styringsdokumentet 2018 for SAV, skal føretaket sende tilsvarende årleg melding til Helse Vest RHF innan 15.1.2019. Denne meldinga er såleis eit grunnlag for Helse Vest RHF si rapportering til departementet, og ledd i eit samanhengande plan- og styringssystem mellom Helse Vest RHF og helseføretaka.

Oppsummering

Årleg melding 2018 er Sjukehusapoteka Vest (SAV) sin rapport på oppfølging av dei mål og eigarkrav som framgår av «Styringsdokumentet 2018». Oppsummert er bildet at vi leverer bra på dei vedtekne hovudområde og helsefaglege styringskrav som er fastsatt for 2018. Sjå vedlagt rapport utarbeidd etter mal frå Helse Vest.

Kommentarar

Årleg melding 2018 er ei tilbakemelding på og vurdering av aktivitetar og tiltak i SAV. Meldinga synleggjer at SAV har vist god utvikling og auka aktivitet innanfor fleire sentrale områder.

Føretaket har i 2018 oppfylt det økonomiske resultatkrav sett av eigar.

- Resultatkrav på NOK 12 mill. Prognose 2018: ca. NOK 13 mill.
- Finansielt grunnlag; fakturering av varer og tenester etter prismodell.
- SAV har god likviditetssituasjon
- Investeringsbudsjett på NOK 9 mill. ligg innanfor eigenfinansiering.

SAV har sett i gang fleire utviklingsprosjekt som vil auke kostnadene til føretaket i åra som kjem. I stor grad vil dette dreie seg om digitalisering og fornying, der både lokale behov og nasjonale prosjekt skal håndterast både driftsmessig og gjennom investeringsplanen. Derfor er det positivt at vi realiserer eit overskot i 2018 også.

SAV er opptekne av å vidareføre kvalitets- og utviklingsarbeidet for å følgje opp både sentrale krav, men og eigne styringsmål knytt til forbetring av kvalitet på tenestene og pasient- og brukartryggleik. Styringsdokumentet og Årleg melding må sjåast i samanheng med dette og den nyleg vedtekne strategien til SAV: «Strategi for Sjukehusapoteka Vest 2018 – 2023.» Måla og tiltaka til SAV er av langsiktig karakter, men innhaldet femner om å skape trygge og gode tenester i tett dialog med sjukehusføretaka.

Konklusjon

Adm. direktør rår styret til å vedta «Årleg melding 2018» slik den ligg føre som vår rapport til eigar.

Vedlegg:

1. Årleg melding 2018 Sjukehusapoteka Vest HF